

FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN
Postboks 41 Sentrum
0101 OSLO

Dato	02.10.2023
Vår referanse	2022/381-34
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Roald Breistein
E-post	Roald.Breistein@vlfk.no
Telefon	97505152

Høyrings svar - God skikk og praksis i kontrollutvalssekretariata - Budsjett for kontrollarbeidet

Innleiing:

Reint prinsipielt stussar me litt på at NKRF skal vera med på å påverke korleis sekretariata skal førebu sak om budsjett for kontrollarbeidet i kommunen sidan størsteparten av budsjettramma går til revisjonsarbeidet.

Vi registrerer at arbeidsgruppa som har utarbeidd dette forslaget er samansett av personar som ikkje har erfaring med kommunar som har konkurranseutsett revisjon. I slike kommunar er utfordringane med budsjettarbeidet annleis enn i ein kommune der revisjonen inngår i t.d. eit IKS. Vi meiner det ville vore ei føremon om arbeidsgruppa hadde hatt med representant med erfaring frå kommunar med konkurranseutsett revisjon.

Videre meiner vi det kan vera ei føremon at det vert vist til «VEILEDER TIL KONTOPLANEN I KOSTRA Rapporteringsåret 2023» når det gjeld kva kostnader som skal leggjast inn i budsjettforslag for kontrollarbeidet. [Opplærings-/veiledningsmateriell \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no)

Her står det dette når det gjeld 110 Kontroll og revisjon

1. Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven kapittel 23 og revisjon etter kommuneloven kapittel 24. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.
2. Funksjonen omfatter ikke administrative internkontrollsystemer som er underlagt administrasjonssjefen.
3. Kommunal kontroll i henhold til alkoholloven føres på funksjon 242 med mindre kommunen har lagt disse kontrolloppgavene til kontrollutvalget.
4. Se også funksjon 180 vedrørende kommunale råd mv

Når det er sagt meiner vi likevel at den føreslegne rettleiaren er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid.

Kommentarar til rettleiaren:**Punkt 2.1 – 5:**

I dette punktet må det inngå at ein del kommunar har konkurranseutsett revisjonstenestene sine. I dei kommunane må det takast omsyn til kva som går fram av avtalen som er inngått mellom revisor og kommunen.

Punkt 2.1 – 7:

Vi har 13 kommunar og ein fylkeskommune der revisjonstenestene er konkurranseutsett. I alle kontraktane er det avtalt desse 2 prisane:

- Fastpris: skal omfatte alt av rekneskapsrevisjon inkludert forenkla etterlevingskontroll
- Timepris: Denne gjeld for forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og andre timebaserte tenester.

Når det gjeld behandling av budsjett for slike kommunar har vi ved fleire høve erfart at kommunestyret gjer monalege kutt i kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontrollarbeidet. Rekneskapsrevisjonen må gjennomførast uavhengig av budsjettkutt og då vil det resultere i at det vert færre timar til å få gjennomført forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og andre timebaserte tenester.

Rettleiaren bør på dette punktet innehalde informasjon som gjeld kommunar der revisjonen er konkurranseutsett.

Punkt 2.1 – 9:

Økonomiplan for kontrollarbeidet for dei neste 4 åra vert ikkje gjort i nokre av dei kommunane vi er sekretariat for. Vi er usikre på om det er føremålstenleg å bruke tid på det då kostnadene frå år til varierer lite. Det er stort sett auke i møtgodtgjersle og konsumprisauke som er aktuelt.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift